



Tre flyfoto i denne meldinga viser same garden på Eik på tre tidspunkt: På 1950-talet, rundt 1960 og ved århundreskiftet (Utlånt av Margit og Bjørgulv Eik).

Kristian Bringedal og Bjørgulv Eik går no ut og etterlyser flyfoto frå 1950- og 1960-talet til utlån. Under museumsdagen på Bygdetunet Rød 23. august skal det vera ein utstilling av slike foto i lemstova.



Det er plass til omlag 30 bilete og motiv kan vera både tun, sentrum, verksemder og landskap, opplyser Bringedal og Eik.

Utstillingen blir kalla 'Tun og landskap i Uskedalen - flyfoto frå 1950- og 1960-talet'



Fotografane i denne perioden på våre kantar var stort sett Telemark Flyselskap, Widerøe og Fjellanger. Det er også ved fleire høve på 1980- og 1990-talet fotografert frå fly i bygda og dersom nyare motiv syner ei bygningshistorisk utvikling kan det vera interessant å ta desse med.

Ellers avgrensar ein seg til tidsperioden 1950-1970.

Bileta skal samlast inn i veke 34 - dagane fram mot museumsdagen, men det vil gjera arbeidet lettare om dei blir levert til Bringedal eller Eik.

Dei som har bilete blir invitert til museumsdagen med ynskje om at dei fortel litt om sine motiv.

Av Ola Matti Mathisen